



Ospelunden har hatt mykje å bety for veksten

Innbyggjartalet har gått ned for tredje året på rad i Kvinnherad men Uskedalen har den største folketalveksten med 19 av dei 10 krinsane som kan visa framgang, Det betyr at det no er 1 061 uskedelingar og vår bygd har dermed passert Rosendal for fyrste gong sidan teljinga i 1970. No er vi den fjerde største bygda. Husnes auka med 16, Utåker med 9 og Omvikdalen med 7.

Kristian Bringedal er glad for utviiklinga som leiar av Uskedal Utvikling og seier til Grenda at dei har hatt ein medviten strategi og jobba for at fleire skal koma hit. Tre føresetnadar har lege i botnen - busetnad, besøk og næring.

Busetnad handlar om å få folk til å etablera seg her, besøk betyr å få reisande til å stoppa og skapa næring ved å leggja att pengar og næring omfattar mellom anna den positive utviklinga innanfor landbruket. Dei ferske tala tyder på at strategien verkar.

Uskedalen tok andreplassen i talet på ferdigstilte husvære. Bringedal seier at det vert jobba veldig godt i UU for tida og trekk fram nettsida som ein viktig faktor.

Tala er henta frå kommunen sitt materiale og om nokre dagar kjem tala frå statistisk sentralbyrå. Det vert spanande å samanlikna.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen